



Norvald Bjarne Ryland
Romarheim 19
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1247 - 14/13736

Saksbehandlar:
Liv Berit Ones
liv.berit.ones@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2014

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 217/2 og gbnr 217/7 Romarheim

Viser til innkalling til oppmålingsforretning 16.01.2014 vedr. frådelling av ein parsell frå gnr. 217, bnr. 3.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser. Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg. Ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, data frå Jordskifte, vegvesen og gamle skylddelingar og utskiftningskart. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytte til utbyggingsføremål og andre ting.

I samband med oppmålingsforretning 16.01.2014 og synfaring med Norvald B. Ryland 07.04.2014 vart to stk. kross i fjell påvist. Desse to grensemerka er målt inn og grenselinja er retta i kartet. Sjå vedlegg.

Som tilstøytande nabo vert De varsla om denne endringa som er føreteken i Matrikkelen.

Med helsing

Tommy Veland
fagleiar

Liv Berit Ones
avd.ingeniør



Mottakarar:

Norvald Bjarne Ryland
Arne Skår

Romarheim 19 5994
Romaheimsneset 5994
8

VIKANES
VIKANES